

Til: Rådmannen i Radøy kommune


Samarbeidsavtale om kjøp av tenester til leiing og drift av landbrukskontor

Radøy kommune og Lindås kommune inngår med dette ein samarbeidsavtale om kjøp av tenester knytt til leiing og drift av landbrukskontoret på Radøy. Dette inneber også dei forpliktingar Radøy har i samarbeidet med Austrheim og Fedje. Avtalen gjeld frå 1. oktober 2016 til 1. april 2017.

Avtalen inneber at Radøy kommune kjøper tenester hjå Lindås kommune på personalleiing og fagleiing, i tillegg til sakshandsaming knytt til jordlov, konsesjonslov og delingssaker. Den praktiske oppfølginga av landbrukskontoret blir avtalt direkte mellom rådmannen i Radøy og landbrukssjefen i Lindås. Omfang av avtalen tilsvarar ein 50% stilling, i avtaleperioden konkretisert til ein fastpris på kr 200.000. Dette beløpet blir fakturert når avtaleperioden er over.

I løpet av mars 2017 gjennomfører kommunane ei evaluering av samarbeidet. Rådmannen i Radøy tar initiativ til å gjennomføre evalueringa.

Dato:



Jarle Landås
Rådmann Radøy kommune



Hogne Haugsdal
Ass. rådmann Lindås kommune